



Notat

Til:

Kriseleiinga

Leiarane

Compilo

Vår ref:
2020/228-76

Sakshandsamar:
Aud Sunniva Fuhr,
aud.sunniva.fuhr@valle.kommune.no

Arkivkode:
X26

Dato:
14.04.2021

REFERAT FRÅ MØTE I KRISELEIINGA 14.04.2021 KL.15.00

Møtestad:	TEAMS
Møtetidspunkt:	14.04.2021
Desse møtte:	Aud Sunniva Fuhr, Steinar Kyrvestad, Benedicte Severinsen, Solveig Kyrvestad, Torleif Homme og Gunn Marith Homme

Nr.	Sak	Ansvar	Frist
1.	Status Pr. dd. Er det ingen smitta i Valle kommune og heller ikkje nokon i karantene. Det er svært viktig at alle følgjer smittevernreglane for å halde smitten nede.		
2.	Skule og utdanning Skulen held fram på gult nivå.		
3.	Idretts, fritids- kultur og livssynsarrangement Møykjerommet kan halde oppe for innbyggjarar i Valle. Vi har førebels ikkje fått endeleg avklaring på om folk som ikkje er i Valle dagleg kan bruke møykjerommet. Har truleg fått avklaring på dette fredag føremiddag. Det er frå 16.04. lov med organisert trening med inntil 10 personar – det er vilkår om at det er ein arrangør som har ansvar for smittevern.		
4.	Sosial kontakt Ha minst mogleg sosial kontakt. Det er sterke tilrådingar i høve antall besøkande i heim og på hytte.		

5.	Reiser Kommunalt tilsette skal avgrense reiseaktivitet i jobbsamheng til det mest naudsynte.		
6.	Heimekontor for kommunalt tilsette Kommunen gjer ei vurdering av dette i løpet av fredag 16.04. og kjem med retningsliner for det. I tillegg til retningsliner for møteverksemd. For andre så er det nasjonale tilrådingar og reglar som gjeld.		
7.	Neste møte vert 16. april		
8.	Valle kommune tilrår sterkt at alle innbyggjarar og hytteeigarar set seg godt inn i dei nasjonale reglane og oppmodingane som no gjeld. Desse finn du HER Vi uthevar dei viktigaste punkta her: - Bruk munnbind når det ikkje er mogleg å halda ein meter avstand inne - Valle kommune tilrår alle å lasta ned smittestopp appen - Hald ein meter avstand til andre der det er mogleg, bortsett frå dei du bur med, kjærasten din eller 1-2 faste kontaktar om du bur åleine - Ha maks fem gjestar på besøk og dette inkluderer tilhøyrande uteområde - Ha få kontaktar og dei same over tid. Vi tilrår maks ti sosiale kontaktar per veke - Kjem du frå eit område med høg smitte, bør du ikkje overnatte på hotell eller tilsvarande overnattingsstader i Valle - Viss du bur på ein stad der kommunen ikkje tilrår besøk heime – bør du heller ikkje ha besøk dersom du oppheld deg i Valle - Hald deg heime viss du er i karantene eller ventar svar på koronatest - Hald deg heime viss du ikkje er frisk og test deg ved minste mistanke. Då tar du kontakt med Valle legekantor på telefon 37 93 75 40 på dagtid på kvardagar. I helger tar du kontakt med 48 99 15 10 mellom kl 14-15 - Dersom du testar positivt eller blir sett i nærkontaktkarantene medan du er på hytta, skal du reisa heim til kommunen du kjem frå - Barn og ungdom kan vere saman med kohortane sine som normalt, også innandørs - Arbeidsgjevar skal sørge for at tilsette jobber heimefrå på alle arbeidsplassar det er praktisk mogleg. Ved tvil er du velkomen til å ta kontakt med kommuneoverlegen på e-post: benedicte.severinsen@bykle.kommune.no		
9.	Vaksinering Valle kommune er godt i gong med å vaksinere befolkninga. Alle over 75 er tilbode vaksine og ein er no i gong med å vaksinere		

	<p>befolkninga som er mellom 65-74 år. I tillegg blir pasientar mellom 18-65 år som er i høg risiko tilbode vaksine no. Alle blir kontakta direkte av helsepersonell med tilbod om vaksinetidspunkt!</p> <p>Førebels blir det vaksinert berre med Pfizer/Biontech vaksinen i Valle og vi får auka mengde vaksineglas over dei neste vekene. Vi håper at alle vaksne i kommunen er vaksinert i løpet av sommaren 2021.</p> <p>Vi oppmoder alle som har fastlege ein annan stad enn i Valle kommune og har høg eller moderat risiko - om å kontakte fastlegen sin og sikre at denne vidarebringer beskjed om risiko til kommuneoverlegen i Bykle.</p> <p>Spørsmål om vaksinasjon kan rettast til kommuneoverlegen på: benedicte.severinsen@bykle.kommune.no</p>		
	Sjå alle reglar og tilrådingar på sida til REGJERINGA		

Med helsing

Aud Sunniva Fuhr
Kommunedirektør